

Kraftutbygging med tap

Det store vindkraftverket på Midtfjellet i Fitjar går økonomisk så dårleg at det skulle ikkje ha vore bygt, sa ein av pådrivarane bak investeringa til Bergens Tidende nyleg. Her i fylket forsikrar vindkraftdirektørane at dei har tru på sine prosjekt. Dei let seg ikkje forstyrre av realitetane.

Når låge elektrisitetsprisar er problemet for kraftverka, er grunnen er enkel: Stor overproduksjon av kraft. Det blir framstilt mykje meir vasskraft enn nokon vil kjøpe, etter ei hissig bygging gjennom mange år. Godt over hundre eigarar med ei utbygd elv har måtta selje sine livsverk. Dei har ikkje pengar til å betale underskot i år etter år, for finansieringa er lån. Også det største selskapet i bransjen, Småkraft, har lagt seg ut for sal. Dei leita etter gull, men fann gråstein.

Forbruket av elektrisk kraft har vore nesten det same i 10-15 år. Forsyninga var rikeleg då køa av nye konsesjonssøknader vaks og Klondyke-stemminga steig. Så sprakk altså bobla, og taparane er ikkje berre dei nye kraftverkseigarane. Gamle kraftverk møter det same fallet. Kommunar og fylkeskommunar som har hatt sikre inntekter av sine kraftverk, må skjere i sine budsjett og sine tilbod til trengande fordi kraftverka har vesentleg mindre overskot å dele ut. Det vert mindre til skule, helse og eldre – tre gjengangarar når lokale og nasjonale politikarar driv valkamp. Dei fleste partia har sjølv gjort sitt beste for at det skulle bli færre millionar å rutte med, når dei med stor iver har jaga på for å få til fleire utbyggingar. Den mest tiltalande forklaringa er at dei har ikkje forstått kva dei gjorde.

Hundrevis av nye vasskraftverk har dressert elvane vekk frå sin naturlege rytme, og konsekvensane for livet på land og i vatnet er langt på veg ukjende. Det er godt dokumentert at utgreiingane som skulle gje innsyn i følgjene for naturen, har vore mangelfulle og misvisande. Det har vore for knapp tid og for lite kunnskap til å gjere skikkeleg arbeid.

Men i den politiske verda er det framleis stemming for denne destruktive utbygginga, som folk flest må vere med å betale. Der ligg planar om nye kraftliner for fleire titals milliardar kroner som straumkjøparane må betale gjennom nettleiga. Elsertifikata er eit anna påfunn for å tvinge folk til å subsidiere større produksjon av kraft som ingen vil kjøpe meir av. Dette er viktige klimatiltak, seier nokre med politisk utestemme når dei skal forklare sin iver etter meir kraft. Resultata er skuffande. Nedgang i dei fossile utsleppa ser vi ikkje noko til, statistikken fortel det motsette. Utsleppa går opp, viser tala, framleis.

Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane

Elisabeth Dahle, FNF koordinator

NOF, Norsk Ornitologisk Forening avd Sogn og Fjordane

Torbjørn Hasund, leiar

Sogn Villaksråd

Bjørn Vike, leiar

Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernutvalet

Ron Overdevest, leiar

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Erik Solheim, rådgjevar